

Glede på Særheim

Høgskulerektor er fornøgd med 2,9 millionar kroner over statsbudsjettet.

STEINAR SANDVIK | tekst
ssa@jbl.no

STATSBUDSJETTET: – Dette er ein flott vekst frå 2012 då vi fekk 2,5 millionar kroner, seier ein fornøgd Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB).

– Budsjettveksten er uttrykk for at vi leverer gode resultat når det gjeld forskning og produksjon av studiepoeng.

Større aktivitet

– Skulen har gjort ein god jobb, og det vert vi premierte for. Auker i midlane frå staten gir oss rom for endå støtte aktivitet. Dette året har vi rundt 100 studantar, omlag 70 tek bachelorgrad innan bygdeutvikling, dei 30 andre studerer på ulike modellar. Bachelorstudentane våre har eit fast opplegg som meir og meir går i retning av heiltsstudium. Studentane våre kjem for det meste frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Målet vårt er at tilbodet innan bygdeutvikling skal i større grad bli tilgjengeleg over heile landet, seier Lønning.

Årets budsjett for den private høgskulen på Særheim ligg på omlag sju millionar kroner. Med 2,9 millionar kroner frå staten, må skulen sjølv hente inn rundt fire millionar kroner. Nyleg fekk skulen ein avtale om ein halv million kroner frå Sandnes kommune.

Topp fagmiljø

– Vi kunne hatt budsjettfest mest kvar dag no, smier Dag Jørund Lønning og legg til at HLB er den desidert beste høgskulen i landet når det gjeld å hente inn eksterne

midlar. – Med auka tilskot frå staten går vi mot ei tryggare framtid. Utan desse midlane hadde det vore vanskeleg å drive ein privat høgskule som vår.

Lønning opplyser at skulen i dag har 11 tilsette som utgjer eit godt fagmiljø.

– Skulen ligg på topp i Norge, og målet vårt er å ha det beste fagmiljøet i Skandinavia, seier Lønning og legg til at det er uhyre viktig at skulen når ut til studentane.

– Frå hausten 2013 skal skulen ha på plass eit opplegg for fjerundervisning. Det blir eit stort løft for oss. Å vere tilgjengelege for folk som bur rundt omkring i landet er av stor betydning for talet på studantar. Då treng dei ikkje kome til Særheim, men dei kan følgje det meste av studiane frå heimlassen.

Prosjekt

– HLB har fleire interessante prosjekt, fortel Lønning og viser at samarbeidet med Sandnes kommune om Landbruksbyen Sandnes. – Det er eit breispektra samarbeid med utgangspunkt i høgskulen sine pågåande forskingsatsingar rundt jordvern, bynært landbruk og entreprenørskap i landbruksnæringa.

Samarbeidet inneber at Sandnes blir eit sentralt eksempelområde for forskingsarbeidet ved HLB, og at kommunen difor vil bli nytta aktivt både i nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt.

– Dessutan har skulen her vunne ei offentleg anbudsrunde om å få leia prosessen rundt utviklinga av ny reiselivsstrategi for Rogaland, seier Dag Jørund Lønning.



FORNØGD: Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, gler seg overauka midlar over statsbudsjettet. (ARKIVFOTO: Nina Kalvatn Opsahl)

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, gler seg overauka midlar over statsbudsjettet.

Hå
læ
STE
ssa@
STA
set
kro
ung
gru
for
gru
und
får
gar.
A
gar,
dor
Bry
eks
får
Pre
Kon
Hå
–
dre
don
nan
over
ikkj
ung
mie
–
god
dett
–
vere
leut
ter
surs
håp
St
Regj
ken
Jær
på S
stats
teke
ner.
seet
med
auke
frå 2